
Saksnr: 2020/43257-3
Saksbehandlar: Nina Gjester Hoel

Til: Fylkesutvalet
Frå: Fylkesrådmannen

Orientering om tildelte tilskot i 2020, innan klima, stadutvikling, og folkehelse

I mars 2020 vedtok Fylkesutvalet saka «Tilskotsordningar for plan, klima og folkehelse» (Vedlegg 1). I tråd med vedtaket vert det no gitt ei oppsummering av kva fylkeskommunen har gitt midlar til innanfor desse støtteordningane. Støtteordningane vart lyst ut i mars med søknadsfrist 15. mai og 15. september.

Seksjon for plan, klima og folkehelse har i år tildelt midlar innan tilskotsordningane «Tilskot til kommunale klimatililtak», «Tilskot til lokale klima- og miljøtililtak», «Tilskot til drift av miljøorganisasjonar», «Tilskot til folkehelsearbeid i kommunane» og «Tilskotsordning for by- og stadutvikling». Ramme for tilskotsordningane var 10 700 000, og det er i 2020 løyvd kr. 9 013 200,- innan desse tilskotsordningane.

Sakshandsaming:

Tilskotsordningar – Klimaomstilling

For 2020 har det vore tre tilskotsordningar knytt til klimaomstilling. Det var øyremerka 2,6 millionar til desse tre tilskotsordningane.

Tilskotsordning for kommunale klimatililtak

Det blei løyvd midlar til større kommunale prosjekt for å styrke klimaarbeidet med m.a. intern miljøleing, auka klimafokus i samfunns- og arealplanlegginga, samt utgreiingar for å auke fokuset på grøn eigedomsforvaltning, sirkulærøkonomi, men også for å auke kompetansen blant tilsette i administrasjonen for å følgje opp ambisiøse mål og planar. Nokre kommunar fekk støtte til låneordningar og prosjekt knytt til fossilfri mobilitet og bruk av elsyklar.

Det kom inn totalt 22 søknader, og det blei søkt om 4 901 500 kr. Det blei løyvd 1 357 200 kr i tilskot, der inga enkeltløyving var over 200 000 kr som var grense for administrativ avgjersle. Sjå detaljar i vedlegg 2.

Tilskotsordning til lokale klima- og miljøtililtak

Tiltak som fekk midlar var prosjekt der flest mogeleg personar kunne ha nytte av aktiviteten, og der det kunne engasjerte fleire, og der bidraget frå søkar var stort også i arbeidsinnsats. Prosjekt som fekk støtte varierte frå små lokalprosjekt for å engasjere innbyggjarane, til å arrangere større grønne festivalar og arrangement for å nå ut til innbyggjarane i heile regionen. Knytt til formidling blei det også løyvd midlar til prosjekt for å gjere born og unge til grønne juniorjournalistar.

Det kom inn totalt 48 søknader, og det kom inn søknader på 4 247 059 kr. Det blei løyvd 754 000 kr. Ingen fekk tilsegn på meir enn rammene på maksimalt 50 000 kr. Sjå detaljar i vedlegg 3.

Tilskotsordning til drift av miljøorganisasjonar

Det blei prioritert å vidareføre same tilskotsnivå som miljøorganisasjonar i nord- og sør-delen av Vestland har fått tidlegare, for å redusere konsekvensane av fylkessamanslåinga. Organisasjonane som fekk midlar var organisasjonar som har synt klima- og miljøinnsats over tid både i Sogn og Fjordane og Hordaland. Samstundes blei det løyvd mindre beløp til organisasjonar som arbeider med formidling, å engasjere og auke klima- og miljøfokuset i fylket.

Det kom inn søknader frå 12 ulike organisasjonar og verksemdar. Det vart søkt om 3 176 000 kr, og det blei løyvd 550 000 kr. Ingen fekk tilsegn på meir enn ramma på 200.000 kr for administrativt avgjersle for klima. Sjå detaljar i vedlegg 4.

Tilskotsordning – Folkehelsearbeid

Fylkeskommunen lyste ut midlar til folkehelsearbeid i kommunane med ei løysing at det i 2020 vert gjeve lik fordeling etter søknad av midlar til folkehelsearbeid til alle kommunane i Vestland på inntil 100.000 kroner. Ved søknadsfristen i mai tok vi imot 14 søknadar frå 15 kommunar. Ein kommune fekk avslag på søknad, og anbefaling om å søke igjen til hausten. Ved søknadsfrist 15. september kom det inn 13 søknadar frå 13 kommunar. Ein av kommunane fekk avslag på sin søknad. Totalt har det blitt løyvd og fordelt kr. 2 552 000 til 26 kommunar. Seksten kommunar søkte ikkje på ordninga.

Søknadane er vurdert ut i frå om dei er i tråd med vilkåra, og om dei støttar opp om eit eller fleire av innsatsområda. Midlane kan ikkje dekke ordinær drift, innkjøp av utstyr, anlegg og fysiske tiltak eller einskild arrangement. Ordninga dekker heller ikkje innsats til førebyggjande arbeid innanfor helsetenesta sine satsingsområde.

Prosjekta som har fått tilskot har vore i tråd med ein eller fleire innsatsområde til tilskots-ordninga. 24 søknader hadde satsingar forankra i kommunale planer for å utvikle befolkningsretta og systematisk folkehelsearbeid. 15 søknader hadde fokus på innsats for å sikre at utjamning av sosiale helseskilnader er sett som tema i kommunane sine. 15 søknader satsa på samlingar og kompetanseheving på tvers av kommunen sine sektorar. Sjå detaljar i vedlegg 5.

Tilskotsordning – By- og stadutvikling

I 2020 er det sett av 3,8 millionar kroner til Tilskot til levande byer og stader. Søknadene skal vere forankra lokalt og regionalt. Midlane skal nyttast til kommunale prosessar og utviklingsarbeid som stør opp om mål og strategiar i Strategi for tettstad-utvikling og senterstruktur, Sogn og Fjordane fylkeskommune 2018 – 2022 og Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015 – 2026, samt dei overordna måla i Utviklingsplan for Vestland.

I år fekk vi inn totalt 21 søknader, og omsøkt beløp var på 7,1 millionar kroner. Elleve prosjekt har fått tilskot/tilråding om tilskot. Søknadssum har variert mellom 150.000 kr til 819.715 kr. Prosjekta omfattar etablering av to mellombelse møteplassar, tre får midlar til forprosjekt og medverknadsprosessar, tre får støtte til kunnskapsgrunnlag, og tre får støtte til å realisere allereie planlagde prosjekt. I første søknadsomgang fordelte vi kr 2.275.000,- på åtte søknader, og no i andre søknadsrunde har vi tildelt kr 1.525.000,- på fire søknader. Ei av desse er tilråding om tildeling til Vik kommune på kr 775.000 til Torgransformasjon i Vik - frå parkeringsplass til levande torg for folk. Ettersom denne tildelingssummen er over grensa for administrativ avgjersle for stadutviklingstilskot på 400.000 kr, er saka løfta til politisk handsaming i Fylkesutvalet. Sjå detaljar i vedlegg 6.

Vedlegg:

Vedlegg 1 - PS 49 2020 Tilskotsordningar i seksjon for plan, klima og folkehelse

Vedlegg 2 Tildeling av tilskot til kommunale klimatiltak

Vedlegg 3 Tildeling av tilskot til lokale klima og miljøtiltak

Vedlegg 4 Tildeling av tilskot til miljøorganisasjonar

Vedlegg 5 Tildeling av tilskot til folkehelsearbeid i kommunane

Vedlegg 6 Tildeling av tilskot til levande byer og stader